


Utvikling

Det er no grøn spiss til tettklyngje på epla på Austlandet. Vestlandet ligg nok framfør oss og har alt komme i gang med blomstringa i steinfruktene. Været er forskjellig over



det ganske land, så det gjeld å følgje med på rett tiltak i forhold til utfordringar og klima. Varmen som kjem no, vil setje fart i utviklinga og blomstring.

Det hastar med å få hengt opp feromonforvirring.

‘Asfari’ på Austlandet var utviklinga kommen ganske kort tidleg i veka, men no kjem varmen og det går raskare mot blomstring. Her er sorten på tidleg tett klyngje.

Ugras

Det er viktig å starte tidleg opp med ugrasreinholdet. Brennenesle er ivrig og er alt godt i gang, mens grasugraset som kveke berre ligg å ventar på godværet før den eksploderer. Planlegg å få frest kvar tredje veke fram til blomstring.

Gjødsling

Gjødsla bør være ute nå. Grønn gjødsel som mange brukar i økologisk fruktdyrking har vorte kjøpt opp av gjødsselfirmaet Yara. Logoar og anna marknadsføring er som

tidlegare for produkta til Grønn gjødsel. Yara opplyser at dei no knuser pelletsen meir opp enn tidlegare sesongar, slik at gjødsla skal bli lettare plantetilgjengeleg.




Bildet er opplagra hestegjødsel til bruk ved nyetablering. Unngå husdyrgjødsel med masse sagflis og dårleg omdanna kompost. Sagflisa bind nitrogenet som trea skulle hatt. Kompost av bark som er dårleg omdanna kan innehalde honningsopp som er negativ for plantene.


Mjøldogg

Det er fleire sortar som kan ha meir mjøldogg no enn tidlegare bla dei nyare sortane 'Eden' og 'Fryd'. Ei førebyggjande sprøyting med Thiovit Jet kan være gunstig. Så om det ikkje er behov for skurvsprøyting, kan ein likevel ha igjen for å sprøyte med Thiovit Jet. Når ein kan sjå mjøldoggen i felt er tiltaket for seint. Når ein ser skottoppar med mjøldogg må desse klippast vekk.

Epleskurv

På Vestlandet er det nok kommen lengst i utvikling, men det er ingen stasjonar det er utslag for epleskurv endå. Det blir viktig å følgje med på RIMpro i forhold til skurvsprøyting. Dette året blir berre [RIMpro](#) tilgjengeleg for epleskurvvarsling og ein vil ikkje finne epleskurvvarsla på framsida av [Velkommen - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](#).

Stasjonen Ornes har det vore sporekasting 28.april og 1. mai markert med . Sporekastinga 28. april var liten grunna kalde forhold med temperatur på 6-10 grader celsius. Dessutan var fuktperioden berre 20 timar lang. Kombinert med kort utvikling i felt, var dette ikkje eit viktig skurvvarsel. Det er liknande forhold rundt 1.mai.



Følg med

Framover kjem epletrea til å være kommen lenger i utvikling og frå tett klyngje til avblomstring er det stor sjanse for at det blir ein stor epleskurvinfeksjon om det blir langvarig fuktigheit etter regn. Blir yr si melding rett, må ein ha dekning på regnet 8. og 9. mai.

Tiltak mot epleskurv

Unngå bruk av store dosar Nordox 75 WG etter stadiet musøyre pga. fare for sviskade. Seinare brukar ein førebyggjande sprøyting med Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bland inn 15 g/daa Nordox 75 WG fram til tett klyngje.

Insekt og midd

Fibro eller olje/såpe-blanding før knoppbryting er bra mot overvintrande egg. Om ein ikkje har køyrt ein runde alt, så det tida for det no. Det blir meldt om utfordringar med blandingar av olje/såpe. Denne blandinga brukar å gå bra tidlegare år, men har ein utfordring med dette kan ein gje oss beskjed.

Feromonforvirring

Det er gode erfaringar med bruk av feromonforvirring mot eple og plommeviklar. Det er i år lov å bruke i økologisk også mot plommeviklar.

- Isomate OFM – plommeviklar
- Isomate CLS – epleviklar og nokre andre artar

Produkta må opp før skadedyret svermar, så denne veka bør ein få det opp i felt om det ikkje alt er gjort.

Isomate-produkta er eit feromonprodukt med eingangsdispenserar som skal hengast opp i trea. Dispenserane avgir ei duft (feromon) som gjer at viklar-hannen vert forvirra og desorientert. Den vil ikkje finne eller kan parre seg med ho-viklarane. Metoden er aldri 100 %, men når ein gjer dette over mange år, vil skadedyra sitt omfang bli mindre.

Isomate CLS har effekt på fylgjande viklarartar; Epleviklar (*Cydia pomonella*), brun bjelleviklar (*Archips rosana*), fruktskalviklar (*Adoxophyes orana*), stor fruktviklar (*Archips podana*), mørkebrun bladviklar (*Pandemis heparana*), raud/vanleg kartviklar (*Spilonota ocellana*) og sidverknad mot stor knoppviklar (*Hedya nubiferana*).

Isomate OFM er eigentleg utvikla for orientalsk frøvikler (*Cydia molesta*) som vi ikkje har i Noreg. Isomate OFM har også god effekt på plommeviklar (*Grapholita funeagrana*) som mange av våre plommefelt har utfordringar med. Det er viktig at alle i nabolaget nyttar feromonforvirring, slik at hoviklarane ikkje kjem ferdigparra inn i felt og legg egg.

Turex 50 WG

Turex 50 WG er no godkjent i bla frukt og bær. Preparatet verkar på sommarfugllarvane. Det er fleire forhold som må være optimale for at akterierepreparatet skal virke optimalt. **Turex 50 WG** er eit biologisk insektmiddel basert på sporar frå bakterien *Bacillus thuringiensis spp. aizawai*. Middelet har verknad mot larver av ulike sommarfuglarter (Lepidoptera). Larvane må ete bakterien for at den skal påverke tarmsystemet til deira.

Dårleg verknad på epleviklar

På etikett til Turex 50 WG står bla epleviklar, men grunna epleviklaren ikkje et så mykje før den går inn i eplet, vil middelet ikkje verke godt nok. Larvane vil ikkje få i seg nok bakteriar til at det døyr. Middelet kan brukast både i kjerne- og steinfrukt. Turex er oppgitt å ikkje ha negativ verknad mot nytteinsekt. Sperrefrist 2 dagar før hausting.

Spesielle forhold Turex 50 WG

Unngå sprøyting i sterkt solljos då bakterien vert uskadeleggjort av UV-ljos. Behandle i overskya vêr eller på kveldstid. pH skal ikkje vere over 8. Unngå å sprøyte i/før regn.